

Innspel frå foreldrerådsmøte, Indre Masfjorden barnehage

17.09.2018

Foreldra ser det vanskeleg at alle tre ungdomsskulane kan slåast saman slik det er skissert i eit av forslaga i høyringsuttalen.

Dette kom fram av møtet:

1. Dårlig veg og vegstandard for skulerute, både mot Nordbygda/Sandnes, og eventuelt frå Brekke. Det er skissert ei reisetid frå Haukeland til Nordbygda på om lag 70 minutt. Eksisterande rute nr 372, Skyss, køyrer i dag strekninga Matre – Solheim – Furebotn – Duesund, denne turen tek etter ruta 65 minutt. Me ser det lite realistisk at turen frå Haukeland – Matre kan ta fem minutt.
2. Ungdommane vil få mindre fritid, og dei vil få kortare tid til lekser og fritidsaktivitetar. Dei må tidlegare opp om morgonen, og kjem seinare heim. Foreldra er redde at dette kan føre til trøyte ungar, som igjen kan føre til dårlegare læring og redusert motivasjon.
3. I høyringa står det at ein større ungdomsskule vil føre til eit større fagleg og sosialt miljø. Er det slik at me har eit dårleg miljø i ungdomsskulane i dag?
4. Me har tre små skular i Masfjorden i dag, ved å samle ungdomsskulane vil ein del av lærarkreftene verte flytta til den nye skulen. Dette er med på å redusere det faglege miljøet som er att på dei to andre skulane. Dette tykkjer me er dumt. Både småskule og mellomtrinn nyttar godt av lærarar med høg kompetanse i faga.
5. Det står i same avsnittet at ungdommane ynskjer ein samanslått skule. Me lurar på kor rådmannen har henta denne informasjonen frå. Me meiner det er viktig å lytte til dei som får lengst reiseveg.
6. Nedlegging av ungdomsskular vil føre til færre arbeidsplassar, som igjen kan føre dårlegare tilflytting til kommunen. Me er redd at lang reiseveg til skulen kan føre til at folk vel å ikkje busette seg i ytterkantane i kommunen.
7. Kjem dei innsparte midlane ved ei eventuelt samanslåing ungdommane til gode?
8. Foreldra er redde for at det kan skje mobbing på bussen, spesielt når reisevegen vert lang. Ungane er sårbare når dei sit på buss så lenge, og dei lurar på kven som har ansvar for trivselen til elevane i denne tida.

9. Foreldra meiner at Brekke til Matre er eit betre alternativ, enn å reise til Sandnes/Nordbygda ved ei samanslåing. Konklusjonen er at me vil behalde ungdomsskulen på Matre, her har me nytt idrettsanlegg, symjebasseng og skiløyper i nærleiken. To av kommunen sine største arbeidsplassar ligg på Matre. Borna i Indrefjorden kjenner godt til desse arbeidsplassane mellom anna gjennom OD-dagar og i faget utdanningsval. Dette trur me er med på å gi borna eit bilete av kva yrkesmogelegheiter som finnes, og at dette kan vere med på å få ungdommen til å flytte attende til kommunen. Denne effekten er me redd vert redusert, om ungdomsskulen vert lokalisert ein anna stad i kommunen.

V. Foreldrerådet, Indre Masfjorden barnehage

Andreas Solheim Haugsvær